

Trivleg opning av flott kunstutstilling!

18.03.2016



Vidar Haugland framfor jervebiletet På Hauglandsfjell.

- At eg skulle stå her og opna eiga utstilling hadde eg aldre trudd skulle skje, men no skjer det, sa mellom anna Vidar Haugland under opninga på Galleri Oska i kveld. Publikum syns det var på høg tid, for det var mykje fint å høyra frå dei om teikningane som prydde dei kvite veggene i Galleri Oska.



Busskø på Gravene.

Vidar Haugland sa vidare at det først og fremst var to personar som måtte få sin del av æra for at dette skjedde.

- Henrik Lyse var den som dytta på meg om at eg burde visa dei fram då eg viste han teikningane. Den andre er Roy Lervåg som med Galleri Oska gjev unge, lovande kunstnarar slike muligheter, sa pensjonisten Vidar med glimt i auga.

Motiva er henta frå naturen i nærmiljøet, og blyantteikningane, nokre med innslag av farge, har flotte rammer laga av kunstnaren sjølv. Rammene er ein viktig del av dei 15 kunstverka som er utstilt. Dei passa verkeleg perfekt inn til dei kvitpussa veggene.

- Eg likte bileta. Det går verkeleg an å forstå dei. Ja, vi kan kjenna oss att i dei, og så har ein del av dei mykje god humor, var ein kommentar som vart høyrt. Mange uttalte seg i liknande rosande ordelag. Ros skal også Roy Lervåg ha. At han såg mulighetene for å ha eit Galleri Oska i lokala var ei blinkskot. I tillegg til at det får ukjende kunstnarar fram i lyset, er det også ein glimrande måte å pynta opp lokalet på. Det gjer eit besøk på Oska ekstra spennande! Med galleri på ein så god matplass som Oska, vart det servert godt påmurt og velsmakande drikke i glasa til dei vel 20 gjestene.



Purpurhegre bak skulemuseet.

Eg anbefaler alle til å nytta anledningen til å sjå den flotte utstillinga til Vidar Haugland, og hugs å få med den flotte katalogen med oversikt over kunstverka. De har mulighet allereie i morgen. Då er den faste laurdagskafèen på Oska open frå kl. 12 og utover. Som vanleg serverer Roy mykje godt samstundes som det er mulighet for å kosa seg med både spel og aviser. Søndag er det klart for ny herleg søndagsmiddag, og då er det lurt å bestille bord, for dei er blitt svært populære.

Ein annan kjekk ting. Etter kunstutstillingsoppninga i dag, kom nye gjester for då var filmklubben klar med ny filmkveld.



Ulvanoso.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland